



ÅRSMELDING 2005

Barne-, ungdoms- og familieetaten



«Vår nære historie har vist kor viktig det er at barn og unge i barnevernsinstitusjonar har kunnskap om rettane sine.»

03 // LEIAR

04 // MÅNAD FOR MÅNAD

06 // ÅTFERDSINSTITUSJONANE

09 // BARN OG UNGE SINE RETTAR I BARNEVERNSINSTITUSJONAR

10 // EIT OPNARE BARNEVERN

– KOMMUNIKASJONSSTRATEGI FOR BARNEVERNET

11 // GODT SAMLIV – PARKURS FOR FYRSTEGONGSFØRELDRE

14 // UNG I EUROPA // UNG.NO

15 // ADOPSIJON // TILSKOT OG VALDSFØREBYGGING

16 // BARNEVERN

17 // PERSONAL OG IKT // FAMILIEVERN // INFORMASJON

18 // NØKKELTAL

19 // ADRESSER

Årsmelding 2005

Utgjevar: Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Mai 2006

Opplag: 5000

Design: Virtual Garden

Trykk: Andvord Grafisk AS

Målform: Bokmål og nynorsk

Foto: Forside Folio/Mattias Ahlm, s 4 Arild Juul, s 8 Skjalg Ekeland, s 10 Marius Fiskum

KUNNSKAP OG OPENHEIT VIKTIG FOR ETATEN

To år er gått sidan etaten vår blei oppretta. Vi er framleis ein ny organisasjon med mange store og viktige oppgåver framfor oss. Når vi skal oppsummere 2005, er det viktig for meg å slå fast at mykje har skjedd dette året. Vi har teke tak i store og viktige arbeidsoppgåver, og saman har vi funne løysingar på dei.

Vi har eit godt samarbeid med det kommunale barnevernet, som står for 80 prosent av arbeidet med barnevern i Noreg.

Rettar for barn og unge på institusjon

I fjor fekk 1 300 barn og unge i barneverninstitusjonar ein fargerik og lett-fatteleg brosjyre med informasjon om rettane deira. Det blei òg starta eit omfattande opplæringsprogram for om lag 3 000 tilsette i statlege barneverninstitusjonar.

Vår nære historie har vist kor viktig det er at barn og unge i barnevernsinstitusjonar har kunnskap om rettane sine. Desse tiltaka skal vere med og hindre at rettane og integriteten til barnet blir krenkte når tilsette tek avgjersler.

Eit kunnskapsbasert barnevern

Det er eit hovudmål for etaten å bidra til fagleg utvikling av barnevernet. I fjor blei strategien for arbeidet med forskning og utvikling innanfor barnevernet ferdig. Forsking og utvikling er eit av dei

viktigaste bidraga til utviklinga av eit kunnskapsbasert barnevern.

I november opna den fyrste av fem nye institusjonar for ungdomar med alvorlege åtferdsvanskar. Behandlingstilbodet byggjer på prinsipp og retningsliner frå nyare forskning, og modellen som blir brukt, er eit resultat av eit norsk-svensk samarbeid. Dette er eit tilbod som vil bli følgt nøye, og som vi er spente på å sjå effekten av.

Viktig arbeid med familiar

Det å ha barn saman kan føre med seg utfordringar for samlivet. Samstundes veit vi at når foreldra har det bra saman, vil det vere positivt for barnet. Det gjer det viktig at etaten òg driv førebyggjande arbeid retta mot familien.

I tillegg til det gode arbeidet familievern gjer når det gjeld par- og familierapi, er det òg involvert i fleire kurs som etaten tilbyr.

Godt samliv er eit gratis samlivskurs for fyrstegongsforeldre, som blei arrangert av 80 kommunar landet rundt hausten 2005. Kurset skal gje støtte og inspirasjon i tida etter at ein får sitt fyrste barn saman.

«Kva med oss?» er eit samlivskurs for par og einslege som har barn med funksjonsnedsetjing. På kurset får dei hjelp med dei store utfordringane som kan vere knytt til det å ha eit barn med nedsett funksjonsevne. I løpet av 2005 deltok over 700 personar på slike kurs.

Ein open organisasjon

Informasjon om etaten si rolle i samfunnet skal vere ein naturleg del av kvardagen vår. Familievernet har allereie tradisjon for å vere synleg i lokalsamfunnet og i media. Også i 2005 var det mange gode saker i media som fortalde folk om det arbeidet familievernet gjer.

I 2005 har mange tilsette i det statlege og kommunale barnevernet vore på kurs i kommunikasjonsstrategien «Eit opnare barnevern». Målet med strategien er å skape eit betre og meir ope barnevern til beste for barnet. På kursa lærer dei tilsette om openheit i møte med samarbeidspartnarar som skulen og helsetenesta, men òg i aktiv dialog med media.

Resultatet kan vi sjå ved at omtalen av barnevernet i media er meir nyansert, og at folk sine haldningar har endra seg. At folk får meir kunnskap om korleis barnevernet arbeider, er positivt. Openheit og debatt styrkjer barnevernet.

Dette er berre noko av det vi har jobba med i 2005, og som du kan lese meir om i denne årsmeldinga. Vi har gjort mykje, og har mykje igjen.

Ann-Marit Sæbønes

Direktør i Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

JANUAR //

BFD og Bufdir lanserer «Eit opnare barnevern», barnevernet sin kommunikasjonsstrategi. Formålet er å skape eit betre og meir ope barnevern til beste for barn og familiar.

Familievernkontora og barnevernet står klare til å hjelpe og støtte enkeltpersonar og familiar etter flaumkatastrofen i Sørøst-Asia.

Ny finansieringsordning for krisesentra blir innført. Omlegginga inneber ein meir føreseieleg økonomi for krisesentra.

**MARS //**

Stortingsmeldinga om erstatning for tidlegare barneheimsbarn blir lagt fram. Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet greier ut søknader om slik erstatning.

JANUAR**FEBRUAR****FEBRUAR //**

«Kva med oss?», eit samlivskurs for par som har barn med nedsett funksjonsevne, blir eit fast, landsdekkjande tilbod.

MARS**APRIL****APRIL //**

Bufdir lanserer ein kampanje for å skaffe fleire fosterforeldre. Kampanjen får mykje merksemd i media. Ei undersøking gjort av MMI viser at folk har fått auka kunnskap om fosterheimsområdet etter kampanjen.

Alle kommunane i landet blir invitert til å melde seg på Godt samliv, parkurs for fyrstegongsforeldre.


**MAI //**

Miljøterapikonferanse med 85 deltakarar i Bufetat, region nord.

MAI**JUNI****JUNI //**

Godt samliv er det nye namnet på Godt start, parkurs for fyrstegongsforeldre. 150 kommunar har meldt seg på.

240 deltakarar er til stades når Bufetat, region aust, arrangerer Regionkonferansen 2005 – fleirspråklege barn, ungdom og familiar.

**JULI //**

Bufetat fyller eitt år 1. juli.

Strategien for arbeidet med forskning og utvikling innanfor barnevernet blir ferdig. Målet med strategien er å utvikle eit kunnskapsbasert barnevern.

JULI**AUGUST****AUGUST //**

Ung.no, nettstaden med offentlig informasjon for ungdom, får ny utsjånad.

**SEPTEMBER****OKTOBER****SEPTEMBER //**

Konferanse om fosterheimsarbeid i Bufetat, med 260 deltakarar frå fosterheimsmiljø over heile landet.

OKTOBER //

Over 200 personar er til stades når Bufdir-konferansen blir arrangert for andre gong. Temaet er vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep mot barn.

NOVEMBER //

Den fyrste av fem nye åtferssinstitusjonar for ungdom opnar i Bergen. Bergen ungdomssenter er den fyrste av ein ny type institusjonar for ungdomar med alvorlege åtfersdsvanskar.

Nasjonalt fagkonferanse for familievernnet i Tromsø, med om lag 200 deltakarar. Temaet er kjærleik og parterapi.

Bufdir blir omorganisert i fire avdelingar og ei informasjonseining.

Ung.no, nettstaden med offentlig informasjon for ungdom, har 78 000 unike brukarar denne månaden. Det er ein auke på 75 prosent sidan februar.

Nasjonalt konferanse for fagteam i Trondheim.

**NOVEMBER****DESEMBER****DESEMBER //**

Bufdir startar eit omfattande opplærings- og informasjonsprogram for å sikre rettane til barn og unge som bur på institusjon. Det blir mellom anna laga ein brosjyre om rettar for barn og unge som bur på institusjon.

Nasjonalt konferanse for leiarar av barnevernsinstitusjonar. I samband med konferansen får dei 119 leiarane som er til stades, opplæring i forskrifta med rettar for barn som bur på institusjon.

250 kommunar har meldt seg på Godt samliv når året er omme.

695 deltakarar har vore på kurs i «Eit opnare barnevern». Til saman har det vore 56 kurs i kommunikasjonsstrategien for barnevernet i 2005.

2005

NYTT TILBOD FOR UNGDOM MED ALVORLEGE ÅTFERDSVANSKAR

Bergen ungdomssenter var den fyrste av fem nye institusjonar i Noreg for ungdom med alvorlege åtferdsvanskar. Tiltaka byggjer på prinsipp og retningsliner frå nyare forskning om behandling av åtferdsvanskar i institusjon.

Tilbodet er retta mot ungdom mellom 13 og 18 år med alvorlege åtferdsvanskar, som ikkje kan gjere seg nytte av tilbod i heimen, og som har problem på fleire område. Dette kan vere åtferd, skule, forholdet til jamaldrande og familie.

Bergen ungdomssenter

Bergen ungdomssenter held til i nye lokale på Nedre Nattland. Den eine av dei to avdelingane opna i november 2005, og i februar 2006 budde det tre ungdommar i tenåra her. Dei hadde då vore her frå nokre månader til berre nokre dagar. Når begge avdelingane er opna, kan det bu åtte ungdommar her. Kvar avdeling har fire rom med bad, eit stort kjøken og stue. Det er òg eit lite kontor og eit ekstra rom med seng.

Når klokka nærmar seg fem, står middagsbordet dekt. På dei brune stolane sit ungdomane og fire vaksne. Dei pratar litt medan dei sender kjøt og poteter frå den eine til den andre. Ungdomane har stått opp seint og er ordknappe. Etter at desserten er eten opp, går dei ut for å røykje. Ein av ungdomane blir sitjande ved kjøkenbordet.

- Kva er det som er viktig for deg i livet vidare? spør den eine av dei vaksne.
- Å tene pengar, svarar ungdommen.
- Det er vanskeleg å tene pengar utan utdanning og jobb, seier den vaksne.
- Kvifor skal vaksne alltid tenkje sånn? Kan ein ikkje berre ta ein dag om gongen?

Tidsavgrensa opphald

Behandlingstilbodet inneheld eit tidsavgrensa opphald på institusjon og målretta oppfølging etter at ungdommen har flytta ut. Den samla behandlingstida blir vurdert særskild for kvar ungdom, men vil til vanleg vare ti til tolv månader. I denne tida vil ungdomane bu i institusjon i om lag seks månader.

Etter at ungdommen kjem til institusjonen, blir det utarbeidd planar og konkrete mål for opphaldet på institusjonen og for heile behandlinga. Dette skjer i samarbeid med ungdommen sjølv, familien og instansen som har søkt om plass til ungdommen.

Under opphaldet på institusjonen set ein fokus på forandring av åtferd, trening i sosiale ferdigheiter og påverknad av haldningar til dømes til rus og kriminalitet.





Ungdomen blir involvert i avgjersler og planar som gjeld ungdomen sjølv. I løpet av opphaldet får ungdomen bestemme meir og meir sjølv.

Positive ungdomsmiljø

Klokka seks har dei tilsette møte med ungdomane der dei skal planleggje aktivitetar for kvelden og helga. Målet med slike aktivitetar er mellom anna at ungdomane skal ha mindre kontakt med negative og meir kontakt med positive ungdomsmiljø. Men det er ikkje alltid like lett å få ungdomane til å bli med utanfor institusjonen.

Til slutt dreg den eine av ungdomane på kino saman med ein av dei tilsette, medan dei to andre blir verande på institusjonen for å sjå filmen «Buddy».

Hjelp til foreldra

Samstundes med at ungdomen er på institusjon, får foreldra opplæring og trening utanfor institusjonen. Denne hjelpa er basert på prinsipp frå Parental Management Training (PMTO) og Multi-systemisk terapi (MST). På institusjonen er det ei familieleilegheit, der familien kan besøkje ungdomen og der ein kan trene på foreldreferdigheter. For dei ungdomane som barnevernet har overteke omsorga for, vil

den framtidige omsorgsbasen få den same hjelpa som foreldra elles ville fått.

Etter at opphaldet på institusjonen er over, kjem ein periode med oppfølging på fire til fem månader. Tilsette frå institusjonen kjem på besøk heime og held kontakt med familien på telefon. Foreldra får hjelp til å samarbeide med til dømes skule og barnevern. Foreldra kan kva tid som helst ta kontakt med institusjonen.

Avslutting av institusjonsopphaldet skjer på grunnlag av ei vurdering av i kva mon måla er oppnådde, og det same er tilfellet når den oppfølgjande behandlinga skal avsluttast.

FAKTA // ÅTFERDSINSTITUSJONANE

Bergen ungdomssenter høyrer til Bufetat region vest og er den fyrste av fem nye institusjonar i Noreg for ungdom med alvorlege åtferdsvanskar. Det skal vere ein institusjon i kvar av Bufetat sine regionar. Dei andre institusjonane skal liggje i Sandefjord, Ås, Stjørdal og Tromsø.

Teoretisk grunnlag

Tiltaka byggjer på prinsipp og retningslinjer frå nyare forskning om behandling av åtferdsvanskar i institusjon. Modellen som blir brukt, er eit resultat av eit norsk-svensk samarbeid om forskning og utvikling av institusjonstilbod for denne ungdomsgruppa, og heiter MultifunC.

Behandlingstilbodet byggjer på at åtferdsproblema blir sedde på som ei følge av risikofaktorar ved ungdomane og omgjevnadene deira. Behandlinga er derfor innretta mot endring av risikofaktorar på alle område (hos ungdomane sjølve, familien, forholdet til jamaldrande og skulen).

Organisering av tiltaket

Tilboda blir skipa som opne institusjonar med nære band til lokalsamfunnet. Institusjonen søkjer såleis å få til eit samarbeid med skular i nærmiljøet og å knyte kontaktar med positive ungdomsmiljø utanfor institusjonen med tanke på fritidsaktivitetar.

BARN HAR RETT

I fjor fikk 1 300 barn og unge i barnevernsinstitusjoner en fargerik og lettfattelig brosjyre med informasjon om sine rettigheter, hvem de skal klage til hvis det er noe de er misfornøyd med, og hvem som har ansvar for å føre tilsyn med at de ansatte gjør jobben sin.

«Barn har rett til trygghet, trivsel og omsorg, og rett til å få vite hvorfor de er på institusjon»

I brosjyren blir barn og unges rettigheter presentert på en lettfattelig måte. De ansatte på institusjonen skal gå nøye gjennom innholdet i brosjyren sammen med hvert enkelt barn.

Samtidig skal ledere og ansatte ved institusjonene få opplæring i barn og unges rettigheter. Regionene i Bufetat gjennomfører opplæringen, som er obligatorisk for alle ansatte. Under institusjonskonferansen i desember 2005 fikk 119 ledere fra barnevernsinstitusjoner opplæring i rettighetsforskriften.

Barn og unges rettigheter skal innarbeides i det daglige arbeidet og i alle planer i hver enkelt barnevernsinstitusjon. Hensikten er å sikre at barns rettigheter og integritet blir ivaretatt mens de er på institusjon.

Trygghet, trivsel og omsorg

Brosjyrene tar for seg tema som omsorg, frihet, privatliv, respekt og beskyttelse. Barna kan lese om hvilke retningslinjer de ansatte på institusjonen følger når de skal gi barna omsorg, behandling eller opplæring. Brosjyrene er tilpasset de ulike aldersgruppene. Det er én brosjyre for barn i alderen 6 til 12 år, og én for unge i alderen 12 til 18 år.

Dette er noen eksempler på rettigheter som er omtalt i brosjyrene:

- Barn har rett til trygghet, trivsel og omsorg, og rett til å få vite hvorfor de er på institusjon.
- Barn har rett til å få se opplysninger om seg selv.
- Barn og unge i barnevernsinstitusjoner har som andre barn, rett til å være sammen med venner og gjøre fritidsaktiviteter de selv setter pris på.
- Så lenge det er trygt, kan barn og unge gå hvor de vil, og stort sett kan de bruke mobiltelefon og ringe hvem de vil, når de vil.
- Barn har rett til å få hjelp med lekser.
- Barn har rett til å få hjelp til å ha kontakt med familien sin.

Opplæring av ansatte

Brosjyrene og opplæringen av de ansatte skal samlet bidra til å hindre at barns rettigheter og integritet blir krenket når ansatte i barnevernsinstitusjoner tar avgjørelser.

På kursene får de ansatte opplæring i rettighetsforskriften og hva den betyr i praksis. Forbud mot innskrenkninger i barns rettigheter, regler for besøk, kroppsvitasjon og bruk av telefon er noen av temaene som blir tatt opp.

Kurset er utviklet av Bufdir i samarbeid med regionene. Også ansatte i private institusjoner og institusjoner i Oslo og Trondheim vil få tilbud om kurs.



MOT ET ÅPNERE BARNEVERN

- Barnevernet er ikke åpent nok, sier Birgitta K. Hartvigsen, leder av barneverntjenesten i Tromsø kommune. Hun er en av flere hundre som har vært på kurs i kommunikasjonsstrategien for barnevernet.

«Et åpnere barnevern» er barnevernets kommunikasjonsstrategi og ble lansert i januar 2005. Formålet med strategien er å skape et åpnere barnevern til beste for barna og berørte familier.

Opplæring i åpenhet

Hovedmålet er å posisjonere barnevernet som en åpen, moderne og utviklingsrettet tjeneste som arbeider for barnets beste. En av hovedutfordringene for å få til dette er at ansatte i barnevernet savner hjelp og opplæring for å innta en mer utadvendt rolle.

- Jeg har alltid ment at barnevernet ikke er åpent nok. De vi er i kontakt med, må forstå hvordan vi jobber. Det er fortsatt noen som tror at vi bare henter barna, og ikke kjenner til den hjelpen barnevernet gir i hjemmet, sier Birgitta K. Hartvigsen.

I 2005 har ansatte i det statlige og kommunale barnevernet fått opplæring i mediehåndtering og praktisk kommunikasjon. Det har vært kurs i alle regionene i Bufetat. Om lag halvparten av landets kommuner var representert på kursene i 2005.

56 kurs, 695 deltakere

Fra Bufetat har blant annet fagteamledere, fosterhjemstjeneste- og institusjonsledere, informasjonsrådgivere og direktører vært

på kurs. Det har vært egne kurs for fagteammedarbeidere og kommunale barnevernsledere. Til sammen har det vært 56 kurs med 695 deltakere.

Kursene for fagteammedarbeidere og kommunale barnevernsledere går over to dager. Den første dagen tar for seg det daglige arbeidet i barnevernet, mens andre dag tar for seg mediernes arbeidsmåter. Her får deltakerne medietrening, og hver deltaker får prøve å bli intervjuet foran kamera.

- Man kan aldri få nok trening i å svare på spørsmål fra journalister, sier Hartvigsen.

Tema på kursets første dag er blant annet dialog med brukerne og samarbeid med andre etater. Deltakerne får også opplæring i hvordan de kan presentere barnevernet på møter.

- Hvordan vi presenterer oss for dem vi er i kontakt med, er viktig. Vi hadde fått en enklere hverdag om samarbeidspartnere visste hvordan vi jobber, mener Hartvigsen.

Åpenhet skaper balanse

I arbeidet med kommunikasjonsstrategien ble det gjort flere undersøkelser. Undersøkelsene viste blant annet at barnevernet i stor grad framstilles med negativ og emosjonell vinkling i mediene. Under-




søkelsene viste også at barnevernet sjelden uttaler seg i mediene. Men når barnevernet uttaler seg, er mediedekningen i større grad balansert enn når barnevernet ikke uttaler seg. Det har Hartvigsen også merket.

- Når vi uttaler oss, får vi fram vårt perspektiv mye bedre. Men det er en vanskelig situasjon. Foreldrene løser oss ofte fra taushetsplikten. Da er det vår oppgave å tenke på hva som er det beste for barnet. Vi kan alltid si noe, avslutter Hartvigsen.

PÅ KURS FOR Å LÆRE GODT SAMLIV

Godt samliv er eit gratis samlivskurs for nybakte foreldre. Det er Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet som har utvikla kurset, som blir arrangert av helsestasjonane i kommunane.





Fyrste barnefri

Klokka er halv seks måndag ettermiddag, og fem par sit i ein halvsirkel på Konnerud helsestasjon i Drammen. Dei har alle små barn, og for nokon av dei er det fyrste gong dei har barnefri etter fødselen. Dei er ikkje åleine om å delta på Godt samliv. 80 kommunar over heile landet arrangerte kurs hausten 2005.

To måndagar på rad skal dei fem para vere her saman med Anders Opsahl og Liv Tone Engh frå Familievernkontoret i Drammen, og helsesystemene Grete Renolen og Anne Grethe Knutsen Schade.

To av deltakarane på kurset heiter Monica og Leif. For nokre månader sidan fekk dei sitt fyrste barn saman. Monica fekk høyre om Godt samliv på helsestasjonen. Leif hadde høyrte om kurset på nyheitene. I starten var han litt skeptisk.

- Då vi fekk tilbod om å gå på kurs, så tenkte eg fyrst «Treng vi dette, då? Har vi problem i forholdet?»

Men Godt samliv er eit førebyggjande tiltak og ikkje eit terapeutisk tilbod. Meininga med kurset er å gje støtte og inspirasjon i ein periode med store forandringar og utfordringar i kvardagen og parforholdet. Og Monica og Leif er einige om at det litle barnet fører til store forandringar.

- Å få barn snur livet på hovudet. Vi blir begge andre personar, og tida går med til barnet, seier Leif.

- Ein blir mamma og pappa i staden for Monica og Leif, seier Monica.

Forandringar i parforholdet

Det eine temaet denne kvelden er forandringar i parforholdet etter at barnet er fødd.

- Heile livet består av forandringar. Nokre skjer brått og andre meir gradvis. Det å bli foreldre er nok den største forandringa i livet. Det blir ikkje berre fødd eit barn, men òg ei mor og ein far, seier helsesyster Grete.

Ei av forandringane når ein får barn, er at ein får mindre tid til å vere åleine, både for seg sjølv og som par. Grete deler dagen inn i familietid, individuell tid og partid, og spør deltakarane kva det går mest tid til. Det er ikkje vanskeleg å gjette seg til svaret frå dei nybakte foreldra.

- Individuell tid? Den har vi ikkje sett! seier Monica.

Med eit lite barn i huset er det rimeleg at det går mykje tid til familien i forhold til individuell tid og partid. I ei øving knytt til dette temaet skal deltakarane lage eit kakediagram over kor mykje tid som går med til kvar tidstyppe. Så skal deltakarane byte med partnaren, kommentere og prøve å bli einige om storleiken på kakestykkja.

Sett, høyrte og forstått

Det andre temaet som blir teke opp denne kvelden, er kommunikasjon. I møte og forsamlingar er kommunikasjonen ofte strukturert, og ei tilsvarande strukturering kan vere til hjelp når ein skal samtale med

«Heile livet består av forandringar. Nokre skjer brått og andre meir gradvis. Det å bli foreldre er nok den største forandringa i livet. Det blir ikkje berre fødd eit barn, men òg ei mor og ein far»

partnaren. For å få til det kan ein bruke samtaleteknikk. Ein av teknikkane som deltakarane lærer denne kvelden, heiter tale-/lytteteknikken. Denne teknikken skal medverke til samtalar med mindre konflikter og misforståingar.

Liv Tone og Anders frå familievernnet reiser seg opp for å demonstrere tale-/lytteteknikken. Liv Tone held ein ball og fortel om kor sliten ho føler seg. Så lenge Liv Tone held på ballen, må Anders lytte. Når Liv Tone er ferdig med å prate, må Anders gjenfortelje det ho har sagt. Han får ikkje lov til å svare før Liv Tone har gjeve han ballen. Og når Anders har prata ferdig, må Liv Tone gjenta det han har sagt.

- Når ein gjentek det som blir sagt, så klargjer ein sine eigne tankar også, seier helsesyster Anne Grethe.

Så får kvart par ein ball, slik at dei sjølve kan prøve ut teknikken.

Kan brukast heime

Den fyrste kurskvelden varar fire timar og inneheld fleire øvingar som para gjer på kvar sine rom. Etter kvart er det på tide å dra heim. Leif og Monica kallar kurset ei investering i familielivet.

- Tale-/lytteteknikken var litt vanskeleg med det fyrste. Men sjølv om det kanskje er litt kunstig, så kan det brukast heime òg, seier Monica.



FAKTA // GODT SAMLIV - PARKURS FOR FYRSTEGONGSFØRELDRE

Som fyrste land i verda tilbyr Noreg gratis samlivskurs til foreldre som får sitt fyrste barn saman.

Kurset er delt inn i fire delar, forandringar i parforholdet, kommunikasjon, konflikter og konflikthandtering, og glede og glød.

Det er Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet som har utvikla kurset.

I september 2005 blei kursmateriellet

ferdig og distribuert til dei kommunane som hadde meldt seg på. Målet om 150 påmelde kommunar blei nådd i juni, og i desember hadde 250 kommunar meldt seg på Godt samliv. 80 kommunar arrangerte samlivskurs hausten 2005.

Alle regionane i Bufetat har hatt kursleiaropplæring, og om lag 600 kursleiarar frå helsestasjonar og familievernnet har delteke.

FLEIRE UNGE FEKK STØTTE TIL INTERNASJONALE PROSJEKT

Programmet UNG i Europa fordelte i 2005 nesten 16 millionar kroner til unge mellom 15 og 25 år og til personar som arbeider med ungdom. Pengane gjorde det mogleg for stadig fleire ungdomar frå organisasjonar og fritidsklubbar over heile landet å delta i internasjonale prosjekt med EU-støtte.

Auka tal på søknader

Buudir fekk om lag 270 søknader om støtte i 2005, mot 234 i 2004. Nesten 200 av dei fekk støtte, mot 187 i 2004. Det vil seie at over 2 000 ungdomar fekk støtte gjennom UNG i Europa i 2005.

Unge med spesielle utfordringar er ei prioritert målgruppe i programmet, og Buudir har i 2005 lagt særskild vekt på å informere om programmet innanfor barnevernet.

Prosjekt som fekk støtte

UNG i Europa-programmet ønskjer å bidra til at ungdom blir integrert i samfunnet, får kompetanse på ulike felt og lærer å ta sjølvstendige initiativ. Gjennom lokale og internasjonale prosjekt vil ein auke dei unge sin interkulturelle kompetanse, og fremje solidaritet og kamp mot framandfrykt.

Gruppeutveksling: Ungdomsgrupper frå Noreg møtte ungdomsgrupper frå andre delar av Europa for at dei skulle bli kjende og ha aktivitetar saman.

Frivillig arbeid i Europa – volontørtjeneste: Offentlege tiltak og frivillige organisasjonar sende ut og/eller tok imot ungdom mellom 18 og 25 år som gjorde frivillig arbeid i eit lokalt prosjekt i opptil eitt år.

Lokale ungdomsprosjekt: Ungdomsgrupper tok initiativ til og gjennomførte prosjekt som var til nytte for lokalsamfunnet.

Kompetanseheving for ungdomsarbeidarar: UNG i Europa gav opplæring i prosjektstyring og internasjonalt arbeid for folk som arbeider med ungdom.

Internettadressa til UNG i Europa er www.ungieuropa.no. Spørsmål om andre internasjonale tilbud for unge frå 10 til 30 år, kan òg rettast til informasjonsnettverket Eurodesk: www.eurodesk.no.

UNG.NO GIR UNGDOM SVAR PÅ DET DE LURER PÅ



Hvilke konsekvenser har det om jeg blir ferska med dop og anmeldt? Finnes det støtteordninger som gjør at jeg kan studere og bo hjemme fra? Hva skal skolen gjøre om de ser at jeg blir mobba?

Dette er bare noen eksempler på hva ungdom lurar på, og som de får svar på om de bruker det statlige nettstedet ung.no.

Engasjert ungdom

Ved utgangen av 2005 kunne ung.no tilby nesten 1 500 artikler, fordelt på 100 emner. ung.no hadde 45 000 unike brukere i februar 2005 og 78 000 i november. Det er en økning på omtrent 75 prosent. Det gode besøktallet skyldes blant annet at ung.no er stedet der ungdom får svar på det meste de lurar på. I tillegg til faktainformasjon, intervjuer ung.no mange ungdommer om saker som engasjerer dem. Slike artikler har skapt et økt engasjement på nettstedet.

På ung.no kan ungdom si sin mening om saker som er viktige for dem. Brukerne kommenterer et stort antall av artiklene direkte. De kan også stemme over ulike utsagn og meninger.

Rettigheter, muligheter og plikter

Brukerne sender inn mange spørsmål til ung.no. Det viser at ungdom har et behov for å få svar på spørsmål om sine rettigheter, muligheter og plikter.

ung.no samarbeidet med skolene via e-post i 2005. I tillegg har ung.no nådd fram til flere ungdomsgrupper ved å markedsføre nettstedet på busser over store deler av landet.

Tilbakemeldinger viser at brukerne er positive til innholdet på ung.no, at de er fornøyd med å ha et nettsted der de vet at de finner informasjon om det meste, og at informasjonen er riktig og reklamefri.

FÆRRE ADOPSJONER I 2005

I 2005 kom det 582 adoptivbarn til Norge. Tilsvarende tall i 2004 var 706 barn. Det viser adopsjonsforeningenes statistikk.

Nedgangen har flere og sammensatte årsaker. I noen land har antallet innenlandsadopsjoner gått markert opp, det har blitt lettere for enslige kvinner å beholde barna sine, og det fødes færre barn som ikke er planlagt eller ønsket. I noen land er det en kombinasjon av disse faktorene.

Kompetanseheving

Buudir skal legge til rette for at regionene behandler søknader om adopsjon likt. Buudir har bistått regionene i opplæringen av kommunale saksbehandlere på adopsjonsområdet. I 2005 fikk nesten alle kommuner i fire av fem regioner tilbud om opplæring.

I august 2005 startet Buudir arbeidet med innføring av adopsjonsforberedende kurs for dem som søker adopsjon.

Tilsyn med adopsjonsforeningene

Buudir styrket tilsynet med adopsjonsforeningenes virksomhet i 2005. Familier som adopterte barn fra utlandet i 2005, har i snitt betalt 70 000 kroner i gebyr til sin adopsjonsforening.

I 2005 ble engangsstøtten til familiene fra staten i forbindelse med adopsjonen økt til 31 090 kroner. Engangsstøtten dekket dermed omtrent 45 prosent av gebyrene.

TILSKUDD OG VOLDSFOREBYGGING

Vold i nære relasjoner

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet har ansvar for flere tiltak i handlingsplanen «Vold i nære relasjoner». Dette gjelder i hovedsak driftstilskudd til krisesentrene og utviklingsoppgaver knyttet til dette feltet.

I 2005 støttet Buudir utgivelsen av en veileder for krisesentrenes arbeid med kvinner og barn under og etter opphold på krisesenter, og gjennomførte en kartlegging av familievernets tilbud til voldsutøvere.

I 2005 startet kartleggingen av omfanget av kvinner som avvises ved krisesentrene. Dette gir grunnlag for å vurdere egnede tiltak for voldsutsatte kvinner med særskilte problemer, for eksempel psykisk sykdom eller rusproblemer.

Ny finansieringsordning

I januar 2005 ble det innført en ny finansieringsordning for krisesentrene. Den nye ordningen innebærer at tilskudd fra kommunene på 20 prosent utløser statstilskudd på 80 prosent. Omlagingen fører til en mer forutsigbar økonomi for krisesentrene.

Tilskuddsforvaltning

Buudir forvalter flere tilskuddsordninger på vegne av Barne- og likestillingsdepartementet. I 2005 fordelte Buudir 200 millioner kroner til familiepolitiske tiltak, samlivskurs, norske barne- og ungdomsorganisasjoner, ungdomssatsing i distriktene, voldsforebyggende tiltak og krisesenter.





BARNEVERN TIL BARNETS BESTE

Samarbeid med andre

Bufetat ønsker at barn og unge skal få tilbud om hjelp der de bor. For å få til dette har etaten lagt opp til et systematisk samarbeid med flesteparten av landets kommuner. 24 av 26 fagteam har gitt støtte til hjemmebaserte tiltak som alternativ til institusjonsplassering. Det viser en kartlegging gjort av Fafo.

I 2005 har det også pågått et arbeid med å inngå rammeavtale mellom helseforetakene og Bufetat.

Fosterhjem

I april lanserte Bufdir en kampanje for å skaffe flere fosterforeldre. Kampanjen fikk mye oppmerksomhet i mediene, og en MMI-undersøkelse i etterkant viste at befolkningen hadde fått økt kunnskap om fosterhjemområdet.

I september var 260 deltakere til stede under en tre dager lang konferanse om fosterhjemarbeid.

Kjøp av private plasser og kvalitetsgjennomgang

Bufetat startet i 2005 arbeidet med å anskaffe private barnevernplasser etter lov om offentlige anskaffelser. Region vest og region sør gjennomførte konkurranse med

forhandlinger, og det pågår konkurranse i de tre andre regionene i 2006.

Alle regionene har etablert rutiner for en systematisk oppfølging av kvalitetsforskriften og godkjenningforskriften.

Nye atferdsinstitusjoner

I november åpnet Bufetat den første av fem nye atferdsinstitusjoner i Bergen. Det skal være én institusjon i hver region for ungdom med alvorlige atferdsvansker.

Enhetlig barnevern og økt kompetanse

Bufetat har lagt vekt på å opprette nettverk innen ulike ansvars- og myndighetsområder på tvers av etaten. Det har vært arrangert nasjonale konferanser hvor målet har vært kunnskapsformidling, å bidra til felles forståelse og mer enhetlig praksis og å skape inspirasjon til videre arbeid.

Et åpnere barnevern

Barne- og familiedepartementet og Bufdir lanserte «Et åpnere barnevern», barnevernets kommunikasjonsstrategi, i januar 2005. Formålet er å skape et bedre og åpnere barnevern til beste for barn og familier. Gjennom året har det blitt arrangert 56 kurs med til sammen 695 deltakere.

Billighetserstatning

I 2005 mottok Bufdir fem ganger så mange søknader om billighetserstatning som året før. Dette har medført økte restanser og lengre saksbehandlingstid.

Et forskningsbasert utviklingsarbeid i barnevernet

Målet med forsknings- og utviklingsarbeidet i barnevernet er å fremme utviklingen av et kunnskapsbasert barnevern. Det betyr at kunnskap fra forskning skal brukes til å sikre gode og trygge tjenester til barn, unge og familier.

FoU-strategien for barnevernet ble ferdigstilt og godkjent i 2005. Med utgangspunkt i målene i strategien ble Formidlingsprosjektet etablert høsten 2005. Prosjektet skal spre forskningsbasert kunnskap og legge til rette for at kunnskapen blir tatt i bruk i hele sektoren.

I 2005 ble det satt i gang flere forskningsprosjekter, som du kan lese mer om på www.bufetat.no/fou/.

ODA, etatens elektroniske klient- og styringsverktøy, har blitt utviklet og brukes nå av hele etaten. ODA står sentralt i arbeidet med å skape god kvalitet i det statlige barnevernet.

PERSONAL OG IKT: SATSING PÅ ARBEIDSMILJØ OG LEDERUTVIKLING

Bufetat er en inkluderende arbeidsliv-bedrift og inngikk bedriftshelsetjenesteavtale fra 1. august 2005.

Et systematisk arbeid med helse, miljø og sikkerhet (HMS) er avgjørende for trivsel og arbeidsglede. Det er utarbeidet en HMS-håndbok med blant annet rutiner for oppfølging av sykefravær, samt en overordnet beredskapsplan.

I 2005 har det å lage overordnede policy-dokumenter vært prioritert.

Lokal lønnspolitikk ble utarbeidet og tatt i bruk høsten 2005, og enkelte sentrale særavtaler ble forhandlet med tjenestemannsorganisasjonene.

Bufetat har utarbeidet rekrutteringspolicy for å tiltrekke søkere med god kompetanse, og en kompetanspolicy med tiltaksplan for å sikre at man utvikler og beholder kompetansen i etaten.

Lederutvikling er et satsingsområde, og det er arbeidet med etiske retningslinjer

for etaten. Videre er det utarbeidet policy for likestilling og mangfold i etaten.

Familievernkontorene ble i løpet av første halvår 2005 knyttet til Bufetats datanett. Ved utgangen av året var rundt 4 600 ansatte knyttet til systemet. Medregnet vikarer og timelønnte har etaten omtrent 5 300 brukere. I etaten er det omtrent 2 700 arbeidsstasjoner fordelt på 270 ulike steder. IKT-enheten er plassert i Tønsberg.

SAMLIV OG FORELDRESKAP

I 2005 var det 65 familievernkontor i landet. Familievernkontora tek imot alle problem ein opplever i samlivet sitt, anten ein er gift eller ikkje, om ein lever i heterofilt eller homofilt/lesbisk parforhold, sambuarskap eller partnerskap. Familievernkontora hjelper òg til når det gjeld familieproblem, om det er mellom barn og vaksne eller mellom fleire vaksne generasjonar.

Mekling

I tillegg til å drive par- og familierapi, utfører familievernnet 63 prosent av alle meklingar etter ekteskapslova og barnelova. Dei andre meklingane blir utførte av eksterne meklarar.

Ventetid

På grunn av stor etterspurnad kan ventetidene variere frå kontor til kontor og frå tid til anna. Men ventetida er i snitt ikkje lengre enn ein måned frå ein ber om samtale.

Særskilde tilbud

Mange av kontora har særskilde tilbud i samband med vald i familien. Det er gruppetilbod for kvinner som har vore utsette for vald, for valdelege menn og for barn som har vore vitne til eller har vore utsette for vald.

I Oslo har familievernnet eit prosjekt som utviklar tilbod for familiar med minoritetsetnisk bakgrunn. Mange kontor

tek del i «Hva med oss?», eit tilbod til familiar med barn med nedsett funksjonsevne. Eit aukande tal kontor er òg med i «Godt samliv»-prosjektet, som gjev tilbod om samlivskurs til fyrstegongsforeldre.

I 2005 blei familievernnet i Noreg ein del av Bufetat sitt IKT-nettverk. Ein arbeider no med å utvikle nye IKT-verkty for familievernkontora.

Ved to kontor prøver ein ut ein modell for brukarmedverknad. Dette skal vere ein del av grunnlaget for ei nasjonal utvikling frå 2006.

BUFETAT PÅ NETT


Nettstaden www.bufetat.no har om lag 5 000 unike brukarar per veke. I 2005 blei innhald og brukarvenlegheit evaluert. Evalueringa førte til ei rekkje endringar på nettstaden, slik at det no er enklare å finne fram til informasjon frå etaten.

I desember 2005 sende Bufdir ut sitt fyrste nyheitsbrev på e-post. Ved utgangen av året hadde nyheitsbrevet 200 abonnentar. Nyheitsbrevet kjem ut med jamne mellomrom. Etaten driv òg nettstaden

www.fosterhjem.no, som er eitt av verkemidla barnevernet brukar for å rekruttere fosterforeldre. Sjå også nettstadene til www.ungieuropa.no, www.eurodesk.no og www.ung.no.

NØKKELTALL: 3,5 MILLIARDER TIL DET STATLIGE BARNEVERN

UTGIFTER FOR ETATEN FORDELT PÅ FORMÅL



Regnskapstallene for 2005 viser at Barne-, ungdoms- og familie-etaten hadde utgifter på til sammen 4 200 millioner kroner, inkludert tilskuddsordninger som etaten forvalter. Trekker man fra inntektene som etaten hadde, totalt 782 millioner kroner, utgjorde netto forbruk 3 418 millioner kroner.

Hele 85 prosent av utgiftene ble brukt på tiltak i barnevernet i 2005. Utgifter til familievern utgjorde om lag 6 prosent. Etaten forvalter også tilskudds- og prosjektmidler. Dette utgjør om lag 6 prosent av utgiftene og inkluderer økonomisk støtte til krisesentre, støtte ved adopsjon, UNG i Europa-programmet og støtte til frivillige lag og foreninger.

De totale utgiftene til barnevernet var 3 555 millioner kroner i 2005. Fratrasket inntekter fra kommunale egenandeler og refusjoner, var netto utgifter 2 784 millioner kroner.

Det har vært en utgiftsøkning i det statlige barnevernet fra 2004 til 2005. Utgiftsøkningen må sees i sammenheng med at det har vært

en økning i antall brukere. Ved utgangen av 2005 var det registrert i alt 2 904 barn og unge som brukere av hjemme-, fosterhjem- eller institusjonsbaserte tjenester. Det er en økning på 5,6 prosent i forhold til samme tidspunkt i 2004.

Det er en målsetting for Bufetat at barn og unge primært skal få hjelp uten at de må flytte fra familien. Når barn og unge har behov for hjelp utenfor familien, er det et mål å gi tilbud i fosterhjem framfor på institusjon. Dette er både faglig og økonomisk begrunnet.

Fra 2004 til 2005 har det vært en økning i antall barn og unge i det statlige barnevernet. Antall barn og unge som bruker hjemme- og fosterhjembaserte tjenester, har økt, og antall barn og unge i institusjon har gått ned. Dette er i tråd med Stortingets målsetting.

ANTALL BARN OG UNGE FORDELT ETTER TYPE TILTAK, 2004 - 2005

Type tiltak	2004		2005	
	Antall	%	Antall	%
Hjemmebaserte tjenester	780	28,4	847	29,2
Fosterhjembaserte tjenester	674	24,5	805	27,7
Institusjonsbaserte tjenester	1 297	47,1	1 252	43,1
Totalt	2 751	100	2 904	100

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet

Universitetsgata 7
Postboks 8113 Dep.
0032 Oslo
Telefon: 24 04 40 00
Faks: 24 04 40 01
E-post: postmottak@bufdir.no

Bufetat region Midt-Noreg

Nordre gate 12
7495 Trondheim
Telefon: 73 56 30 00
Faks: 73 56 30 01
E-post: region.midt@bufetat.no

Bufetat region sør

Olav Tryggvasons gate 4
Postboks 2403
3104 Tønsberg
Telefon: 33 72 90 00
Faks: 33 72 90 01
E-post: region.sor@bufetat.no

Bufetat region nord

Betongveien 2
9509 Alta
Telefon: 78 48 10 00
Faks: 78 48 10 01
E-post: region.nord@bufetat.no

Bufetat region vest

Strandgaten 59
Postboks 6200
5893 Bergen
Telefon: 55 37 70 00
Faks: 55 37 70 01
E-post: region.vest@bufetat.no

Bufetat region aust

Pilestredet 27
Postboks 7024 St. Olavs plass
0130 Oslo
Telefon: 24 04 30 00
Faks: 24 04 30 01
E-post: region.ost@bufetat.no

